

Søknad om etablering av landslinje Gjermundnes vgs. - Islandshest

SAMANDRAG



Ei landslinje for islandshest vil møte eit nasjonalt behov for spesialisert kompetanse innan hestefaget, og bidra til auka verdiskaping og profesjonalisering av hestebaserte næringar. Skulen har lang erfaring med hestefag, gode fasilitetar og støtte frå næringa.

Gjermundnes vidaregåande skule

07.10.2025

Innleiing

Gjermundnes vidaregåande skule søkjer om å få starte opp ei landslinje i islandshest frå hausten 2027. Islandshesten har ei sentral rolle både innan hestenæringa og hestesporten over heile landet, og næringa etterspør fleire lærlingar med spissa kompetanse i hestefaget. Ei landslinje vil møte dette behovet ved å gi elevar frå heile landet høve til å fordjupe seg innan islandshest.

Islandshesten

Det er registrert godt over 5000 islandshestar i Noreg og rasen er svært populær. Norsk Islandshestforening har 32 lokallag fordelt rundt i alle landets fylke. Islandshesten stammar frå dei vestnorske og britiske hestane som vikingane tok med seg til Island på slutten av 800-talet, og den er i nær slekt med våre nasjonale raser. Island sin isolasjon og tøffe levevilkår har halde rasen rein, men også utvikla ein nøysam og hardfør hest samanlikna med mange andre hesterasar. Med sin nette storleik eignar den seg også til utmarksbeiting og kulturlandskapspleie.

I tillegg til dei kjende gangartane skritt, trav og galopp, meistrar islandshesten også tølt og pass. Dette gjer at islandshesten skil seg betydeleg frå andre hesterasar når det gjeld trening, konkurransar og avl. Dette er tre store tema som treng spissa kunnskap og som næringa etterspør for å kunne auke verdiskapinga.

- Treningskulturen for islandshesten gjer at den eignar seg for fleire aktivitetar, og dei ekstra gangartane krev eiga kompetanse og eigne ferdigheiter
- Islandshesten har særreigne konkurransegreinene og baner for gangartane
- Alle islandshestar er registrerte i ein unik internasjonal database, WorldFengur. Dette er eit avlsregister som kvalitetssikrar framgang i avl

Islandshesten er ein allsidig ressurs innan hestenæringa på grunn av sitt gode lynne. Den har også viljestyrke til å arbeide og er sær god på å fote seg i terrenget. Mange som driv næring med islandshest, har ein kombinasjon av fleire formål. Døme på dette kan vere: trening for sal, konkurransar eller avlskåring, naturbasert turisme, hesteassistert terapi, ulike Inn på TUNET - tilbod, rideskule, avl m.m.

Grunnlaget for ei landslinje

Lokale, regionale og nasjonale næringsaktørar innan islandshestmiljøet støttar skulen i søknaden om oppstart av landslinje i islandshest (sjå vedlegg 2), og dei ønskjer å bidra til at ei slik linje får både breidde og djupne i opplæringa. Samarbeidet mellom utdanning og arbeidsliv vil dermed bli styrka på fleire nivå – lokalt, regionalt og nasjonalt. Støtta frå næringa legg til rette for eit godt samarbeid som kan møte behova for kompetanse og rekruttering innan islandshest.

Gjennom eit landslinjetilbod ønskjer vi å møte næringa sine behov for auka kompetanse og ferdigheiter knytt til profesjonell trening og bruk av islandshesten. Dette vil gje elevane eit tryggare og meir allsidig grunnlag, uansett type islandshestbasert lærebedrift. Lærlingen kan leggje meir verdiskaping i hesten og bedrifta. I tillegg ønskjer vi med landslinja å inspirere til meir entreprenørskap og styrke utviklinga av næringa.

Fjellriding og naturturisme er i vekst, og det er eit aukande behov for kompetent rettleiing som kan tilby trygge og minneverdige opplevingar i norsk natur. Å temje ein hest eller å leie turistar på hesteryggen i fjellet krev meir enn berre rideferdigheiter – det krev inngåande kunnskap om hesteåtferd, trygg ferdsel i krevjande terreng, førstehjelp, orientering og risikovurdering. Ei god utdanning gir også ferdigheiter i kommunikasjon og gruppeleiing, som er avgjerande for å ivareta både dyrevelferd og tryggleiken til deltakarane. Gjennom ei landslinje i islandshest vil elevane få denne nødvendige opplæringa og vere godt rusta til å møte krava i ei profesjonell reiselivsnæring.

Islandshesten har unike eigenskapar som gjer han spesielt godt eigna til bruk i terapi og omsorgsarbeid. Det rolege temperamentet og den sterke tilknytninga til menneske gjer han til ein verdifull ressurs i arbeid med barn, unge og vaksne med ulike utfordringar. For å kunne bruke hesten på ein trygg og målretta måte i slike samanhengar, krevst det solid fagkunnskap. Ei landslinje i islandshest vil gi elevane innsikt i korleis hesten kan inngå i pedagogiske og terapeutiske opplegg, og korleis ein kan leggje til rette aktivitetar for ulike brukargrupper.

Kvifor ei landslinje:

- **Samfunnsnytte og verdiskaping**

Ved å utdanne fagpersonar med spesialisert kompetanse innan islandshest, legg vi til rette for auka verdiskaping i distrikta. Fleire kvalifiserte entreprenørar innan hestebasert næring vil også skape ringverknader for underleverandørar som hovslagarar, utstyrsleverandørar og produsentar av fôr og strø. Samstundes vil auka kompetanse hos lærlingar bidra til høgare kvalitet i tenestene og betre lønsemd i verksemdene.

- **Eit nasjonalt behov**

Per i dag finst det ingen vidaregåande skular eller fagskular i Noreg, som tilbyr landslinje med fordjuping i islandshest. Samstundes er islandshesten den mest utbreidde ridehestrasen i landet, og fleire unge søker seg til utdanningstilbod i utlandet, som Hólar Universitet på Island. Ei landslinje vil gje eit norsk tilbod som vil sikre nasjonal kompetanse. I tillegg vil det styrke det nasjonale fagmiljøet og gi elevar moglegheit til å byggje nettverk på tvers av fylkesgrenser.

Opplæringskontoret i hestefaga støttar det nasjonale behovet (sjå vedlegg 3).

- **Gjermundnes vgs – klare for oppstart**

Gjermundnes vidaregåande skule har allereie bygningar og fasilitetar med god kapasitet til ei landslinje. Vi har ein isolert ridehall frå 2012 på 20 x 40 meter med tilknytta oppvarma undervisningsrom med vaskespilt, garderober, toalett og kontor. Vi har stall, paddockar og utgangsområder som kan huse inntil 35 hestar med rammer for god hestevelferd. Rammene for å tilby ei praksisnær og spesialisert opplæring er derfor svært gode. I tillegg har vi internat, noko som gjer tilbodet tilgjengeleg for elevar frå heile landet.

Skulen har i fleire tiår hatt hestefag som ein integrert del av tilbodet innan grønt naturbruk og har derfor bygd opp solid kompetanse på islandshest. Lærarane ved skulen har god kompetanse på hest, og ei av dei er utdanna ved Universitetet på Hólar på Island.

Fleire undervisningstimar kan samkøyrast med eksisterande tilbod, noko som gir eit effektivt og meir økonomisk tilbod.

- **Politiske styringsdokument**

Opprettinga av ei landslinje i islandshest under utdanningsprogrammet naturbruk støttar opp under *Nasjonale mål om berekraftig reiselivsutvikling* (Meld. St.19 (2016-2017)), *Levende lokalsamfunn for fremtiden* (Meld. St. 5 (2019-2020)), samt *Profesjonalisering av hestebaserte næringer (Hesten som ressurs)*. Linja vil bidra til kompetansebygging, heilårsturisme og grønt næringsliv i tråd med regjeringa sine strategiar.

Lokalisering av landslinja

Møre og Romsdal fylke har variert kompetanse og høg tettheit av islandshestbaserte næringer, og Gjermundnes vidaregåande skule har eit svært godt etablert samarbeid med fleire aktørar i næringa.

Islandshesten har hatt ei sterk tilknytning til Vestnes kommune sidan den første hesten kom hit i 1973. To år seinare, i 1975, vart Vestnes Islandshestforening etablert. Sidan den gong har talet på islandshestar auka jamt, og i dag finst det om lag 600 hestar i kommunen.

Bruken av hesten er mangfaldig – frå fritidsaktivitetar og konkurranse til næringsverksemd.

Med nærleik til store aktørar og anlegg i nasjonal målestokk, kombinert med lokal kompetanse og infrastruktur, har vi svært gode føresetnader for å utvikle eit framtidsretta og attraktivt tilbod innan islandshest.

Samarbeid med næringa

Skulen og næringa har samarbeidd om søknaden og innhaldet i den lokale læreplanen.

Sentrale samarbeidspartnarar er:

- Stall SP: Stian Pedersen er den einaste i Noreg med den høgste internasjonale instruktørgraden, level 4 på islandshest. Han har i tillegg vore verdsmeister 5 gonger på islandshest og utmerka seg i norsk avl av islandshesten både nasjonalt og internasjonalt. Stallen ligg 5 min. køyring unna skulen.
- Tresfjord hestesenter: Vestnes Islandshestforening har landets beste offentlege trenings- og konkurranseanlegg for islandshest i Tresfjord, kun 10 min unna Gjermundnes. Dei har mange gongar arrangert NM for islandshest.
- Stall Kjersem: Bjørn Kjersem er ein ambassadør for islandshesten og avlen i Noreg, som har marknadsført islandshesten gjennom fleire NRK-program. Han har ei unik formidlingsevne, i tillegg til solid kompetanse og erfaring innan trening av unghest, opplevingar med hest i fjellet og mykje meir.
- Stall Stølan og Stall Øvstedal: Line Nord Stølan og Bjarne Øvstedal driv og har lang erfaring med Inn på tunet tilbod både i Tresfjord og på Tingvoll. I tillegg driv dei med avl, trening, hovslaging, konkurransar, rideleirar og rideskule.

Intensjonsavtalar med samarbeidspartnarar blir vedlagt søknaden.

Struktur for opplæringa i eit landslinjetilbod

I arbeidet med å utvikle ein lokal læreplan for landslinje i islandshest på Vg1 og Vg2, har vi valt å organisere innhaldet i opplæringa slik det ligg føre i vedlegg 1. Dette gir elevane ei spissa og praksisnær opplæring, der fagstoffet blir knytt til praktiske og relevante tema innan hestehald og næringsutvikling. Den tematiske strukturen gjer det lettare å sjå samanhengar mellom teori og praksis, og legg til rette for tverrfagleg arbeid og djupnelæring. Den lokale læreplanen er skriven i samarbeid med aktørar frå næringa.

Læreplanen er forankra i den nasjonale læreplanen for heste- og dyrefag, og byggjer vidare på kompetansemåla derifrå. Ved å tilpasse innhaldet til kompetansen næringa etterspør og til islandshesten sine bruksområde, sikrar vi at elevane får relevant og spesialisert opplæring. Samstundes tek vi i vare dei overordna måla for naturbruksutdanninga og legg til rette for at elevane skal kunne gå vidare ut i læra med fagleg tyngde.

Ressursbruk

Målet er i første omgang å ta inn 12 elevar per skuleår. Talet er vurdert ut i frå kjent omfang av islandshestnæringar som har behov for lærlingar no og fram i tid. I tillegg vil vidare kompetansebygging tilføre meir entreprenørskap og fleire arbeidsplassar. Elevane følgjer eit ordinært løp i fellesfag saman med andre elevar. I programfaga er opplæringa organisert i praksisparti som ikkje bør vere større enn seks elevar, med tanke på tryggleik og moglegheita for god oppfølging.

Ved enkelte tema vil det vere naudsynt å godtgjere ressursbruk knytt til bedrifter og næringsaktørar i nærområdet. I tillegg til undervisningsressursar vil det vere aktuelt med utgifter knytt til transport. Skulen har fire minibussar (8+1) som kan dekke store delar av transportbehovet.

Det må også påreknast behov for innleige av hestar og leige av eksterne undervisningslokale. Her har vi allereie eit godt samarbeid med fleire aktørar i næringa.

Når det gjeld opplæring utanom praksis med hest, reknar vi med at éin lærar kan ha ansvar for 12 elevar.

Vedlegg:

1. Lokal læreplan vg1 og vg2
2. Støtteerklæringar
3. Støtteerklæringar frå opplæringskontoret for heste-og hovslagerfaget

Lokal læreplan for landslinja i vg1 Naturbruk - islandshest

Årstrinn	Felles programfag		Yrkesfagleg fordjupning
Vg1 Naturbruk - Islandshest	Naturbasert produksjon og tjenesteyting	Naturbasert næringsaktivitet	Lokal læreplan med mål på vg3 nivå i hestefaget
Programfaga utfyller kvarandre og må sjåast i samanheng.			

Kolonne P viser tidsperioden for undervisninga:				
Periode 1	Periode 2	Periode 3	Periode 4	Periode 5
Skulestart - haustferie	Haustferie - vinterferie	Nyttår - vinterferie	Vinterferie - påske	Påske - skuleslutt

Grønn utheving = kan slås sammen med undervisning i ordinær naturbruksklasse med små tilpasninger

Mål i læreplan	Tema	Emne	P
Naturbasert produksjon og tenesteyting - 337 t.			
1. stelle planter basert på kunnskaper om artenes biologi og kretsløpene i naturen 2. stelle dyr eller fisk med respekt for etiske retningslinjer og kunnskaper om dyrevelferd, dyrehelse og artenes biologi 3. utføre arbeidsoppgaver i ulike deler av verdikjeden basert på gjeldende regler og standarder 4. klassifisere og presentere et utvalg av arter og materialer og velge materialer ut fra arbeidsoppdrag og materialenes egenskaper 5. følge bruksanvisning og bruke manual for utstyr som benyttes i produksjonen, og foreta enkelt ettersyn, vedlikehold og enkle reparasjoner 6. prøve ut driftsmetoder og vurdere dem opp mot tradisjon, etikk, kvalitetskrav og miljøkonsekvenser	Fôr til hest 33 t.	Grovfôrproduksjon, uttak til fôranalyse, fôrtyper, kvalitetssikring, fôrtilvenning, praktisk føring/stallvakt. Mål: 1, 2, 3, 4, 8, 9, 10, 11	1, 5
	Stell og bruk av islandshest 140 t.	Stell av hesten. Begrep. Hestens grunnleggende behov. Møkking – teknikk og utføring. Løfteteknikk. Håndtering og tryggleik i forbindelse med stell. Hestens adferd og stressnivå. Trenings- og gangartslære. Verdiskapende trening av hest. Bruk og tilpasning av utstyr. Mål: 2, 3, 4, 7, 8, 9	1, 2, 3, 4, 5
	Stell og vedlikehold av stall 15 t.	Hygiene og nedvask. Enkle reparasjoner og vedlikehold. Mål: 2, 3, 5	1, 5

7. gjennomføre og dokumentere arbeid i samsvar med gjeldende bestemmelser for helse, miljø og sikkerhet og vurdere risiko 8. velge og bruke analoge og digitale verktøy til planlegging og gjennomføring av arbeidsoppgaver 9. foreta enkle beregninger av råvare- og materialforbruk, innsatsfaktorer og utbytte 10. samle, tolke og bruke data tilknyttet arbeidsoppgaver i naturbruk og tolke kilder og observasjoner kritisk 11. utføre enkel bearbeiding av råstoff 12. gjøre rede for og vurdere hvordan partene i arbeidslivet samarbeider for å utvikle et bedre arbeidsliv	Stell og vedlikehold av uteanlegg 15 t.	Reiskapslære. Vedlikehold av paddocker og uteganger. Mål: 3, 4, 5,	1, 5
	Stell og vedlikehold av ridebaner og ridehus 15 t.	Reiskapslære. Praktisk vedlikehold. Ulike rideunderlag. Mål: 3, 4, 5	2, 3, 4
	Stell og vedlikehold av hesteutstyr 23 t.	Begrep på grunnleggende utstyr. Lær og lærpleie. Reiskapslære og grunnleggende lærarbeid. Mål: 5, 8, 9	3, 4
	Tryggleik på arbeidsplassen 15 t.	Dokumentert sikkerhetsopplæring i alle motoriserte reiskap. Risikovurdering. Branninstruks i stallen. Tilpasning av sikkerhetsutstyr. Sikkerhetsknuter. Rutiner for trygg hestehandtering. Sits- og balanseøvinger. Mål: 7, 8	1, 2, 3, 4, 5
	Drift av stall 15 t.	Ulike driftsformer – stall og utegang. Bedriftsbesøk til ulike næringer innen Islandshest. Drift av Stall Gjermundnes. Mål: 6, 10, 12	1, 2, 3, 4
	Traktor og avant 22 t.	Opplæring i bruk av traktor og avant. Koble på utstyr. HMS. Enkelt vedlikehold og reingjering av utstyr. Mål: 5, 6, 7	1, 2, 5
	Helse og veterinærbehandling av hest 15 t.	Enkel helsesjekk, grunnleggende om hovstell, vaksinerings, snyltarbeid, tannstell. Førebygging mot vanlege sjukdomar. Mål: 2, 8, 10	3, 4

	Beite og skjøtsel 29 t.	Bruk av motorsag og motor-ryddesag. Bekjemping av ugras. Beitepussing. Vekselbeite. Bekjemping av snyltre. Praktisk vedlikehold av gjerder. Gjerdeplikt. Straumgjerde – deler og koblinger. Mål: 1, 3, 4, 5, 8, 9, 11, 12	2, 3, 4, 5
Naturbasert næringsaktivitet – 140 t.			
1. reflektere over hvilke krav og forventninger som blir stilt til en profesjonell yrkesutøver knyttet til samhandling og deltakelse i samfunnsdebatten om natur, ressursbruk og forvaltning	Islandshest i næring og næringsutvikling 38 t	Ulike næringer med Islandshest. Bedriftsbesøk. Småskala ungdomsbedrift, arrangement Mål: 1, 4, 5, 6	1, 2, 3, 4
2. planlegge, gjennomføre og vurdere naturbaserte næringsaktiviteter og beskrive en tilhørende verdikjede	Bruk av islandshest i naturen 15 t	Fjellridning, turridning. Turisme. Besøk på Hjerkin/Kvistli. Friluftsløven. Allemannsretten. Mål: 2, 4, 7, 8, 9	5
3. utforske eksempler på lokal produkt- og næringsutvikling basert på teknologisk utvikling, lokale ressurser, kultur og tradisjon	Islandshestens historie og utvikling 15 t	Historie, avlsmål, introduksjon til avls-database WorldFengur Mål: 3	4
4. presentere næringsaktiviteter, produkter eller tjenester for ulike målgrupper	Grunnleggende trening 45 t	Praktisk trening av rytter, islandshesten og gangarter for verdiskaping. Mål: 1, 2, 6, 8, 9	1, 2, 3, 4, 5
5. drøfte hvordan naturbaserte produkter og tjenester kan utvikles innenfor rammen av bærekraftig utvikling og ressursforvaltning	Islandshesten i konkurranse-sammenheng 15 t	Nyttefaktor i næringa. Konkurransegreiner og regler. Hospitering/deltaking på lokale stevne. Mål: 1, 2, 3, 6, 8	3, 4, 5
6. beskrive og vurdere likheter og forskjeller i yrkesutøvelsen i ulike typer naturbruk	Orientering 7 t	Opplæring i kart og kompass, fjellvettregler. Mål: 7, 8, 9,	?
7. orientere seg i naturen ved hjelp av tradisjonelle og moderne metoder og hjelpemidler	Førstehjelp 5 t	Kurs i førstehjelp Mål: 10	?
8. velge og bruke utstyr og bekledning etter situasjon, naturforhold og klima og utføre enkelt vedlikehold på utstyret			
9. vurdere risiko og utføre naturbaserte aktiviteter med			

hensyn til egen og andres sikkerhet 10. utføre grunnleggende førstehjelp			
Yrkesfagleg fordjupning – 168 t. (kompetansemål frå vg3 hestefag ligger til grunn og nedbrutte lokale mål blir utarbeidet)			
1. planleggje, gjennomføre, vurdere og dokumentere stell, bruk og hald av hest 2. arbeide med hest etter gjeldande regelverk og standardar for dyrehald, og gjere greie for relevante organisasjonar og offentlege forvaltningsorgan 3. beskrive forretningsidé, organisering og eige ansvarsområde, og vurdere samanhengen mellom innsatsfaktorar og økonomisk resultat og korleis bedrifta kan utviklast vidare 4. utarbeide og bruke system for internkontroll og kvalitetssikring i den daglege drifta av stallen 5. avdekkje kva behov kunden har, marknadsføre eit produkt eller ei teneste og yte profesjonell kundebehandling 6. beskrive språket, reaksjonsmåtane og instinkta til hesten, handtere han på ein trygg og etisk forsvarleg måte, og reflektere over eige kroppsspråk og stemmebruk 7. ta hand om behova hesten har for fridom og flokkliv, og vurdere korleis føring, stell, utegang og bevegelse kan fremje velferd og helse 8. gjennomføre føring med utgangspunkt i føranalyse og førkvalitet, velje før og berekne førmengd med tanke på rase, alder og bruksområde 9. berekne behov for og reflektere over bruk av ressursar, areal og matjord til hestehald og førproduksjon, og drøfte korleis beitebruk påverkar ulike hestar, kulturlandskap og miljø 10. beskrive normal utvikling, åtferd, utsjånad og bevegelse for hesten, gjere greie for reproduksjon og vurdere kva ulike hestar er eigna til 11. identifisere og førebyggje smerte, mistrivsel, sjukdommar og skadar, og utføre mønstring, enkel sårbehandling og medisinerings av hest og vurdere når det er nødvendig å tilkalle veterinær 12. bruke fagspråk som er tilpassa mottakaren i kommunikasjon og samarbeid med fagfolk, kundar, kollegaer og andre 13. arbeide etter hygieniske prinsipp og vurdere smittefare og setje inn smitteverntiltak 14. vurdere risiko knytt til stalldrift, bruk, handtering og transport av hest, og utføre tiltak som tek vare på helse, miljø og sikkerheit for dyr og menneske 15. drive tilsyn, utføre enkelt vedlikehald og vurdere utforminga av bygningar, innreiingar og anlegg for hest	Etikk og arbeidsmoral 10 t	Rettigheter og plikter. Kommunikasjon, samarbeid og kundeservice. Nøyaktig og effektiv medarbeider.	1
	Tiltak for næringa 30 t	Planlegge arrangement, kurs e.l. Markedsføring.	1, 3
	Gjesteinstruktør 2 helger - 28 t	Deltaking på kurs med gjesteinstruktør - Islandshest	2, 5
	Stallvakter 30 t	Deltaking på stallvakter på kvardager eller helg. Utføre føring og stell på Stall Gjermundnes. Dokumentere eige arbeid.	1, 2, 3, 4, 5
	Utplassering i bedrift 2 veke – 70 t	Arbeid og observasjon. Skrive arbeidslogg.	4

16. velje, tilpasse, bruke og halde ved like utstyr og reiskapar ut frå bruksområde og behov 17. bruke hest på ein allsidig måte og etter eit oppsett treningsprogram, vurdere korleis trening påverkar hesten, og velje øvingar og treningsmetodar ut frå nivået og alderen til hesten 18. handtere hestar i ulike aldre og i ulike situasjonar og gjere greie for faktorar som kan påverke åtferda til hestar 19. skifte broddar, trekkje til saum og ta av sko, og vurdere behovet for verking og skoning ut fra bruksområdet til hesten 20. respektere og vise omsyn til menneske og miljø og opptre varsamt ved bruk av hest i utmark, trafikk og nærområda til stallen, og drøfte korleis stallen som arena kan være ein samlingspunkt for ulike menneske 21. gjere greie for dei særnorske hesterasane og betydninga deira for kulturarv, og drøfte kva rolle hesten har og har hatt i samfunnet og for folkehelsa 22. arbeide etter regelverk og avtalar som regulerer arbeidsforhold i faget, og gjere greie for pliktene og rettane til arbeidsgivaren og arbeidstakaren			
---	--	--	--

Lokale mål:

29.04.2025



OPPLÆRINGSKONTORET FOR HESTE- OG HOVSLAGERFAGET

Forslag om landslinje for Islandshest ved Gjermundnes videregående skole

Opplæringskontoret for Heste- og Hovslagerfaget (Samarbeidsorgan)

Opplæringskontoret for Heste- og Hovslagerfaget er ett bindeledd mellom bedrift og lærling. Vi arbeider for at bedrifter innen hestebransjen oppnår kvalitet for godkjenning som lærebedrift, samtidig som vi bistår med å rekruttere lærlinger. Vår oppgave er å kvalitetssikre opplæringen og ivareta lærlingeordningen.

Vi har et eget styre med representanter fra medlemsbedriftene. Kontoret er lokalisert til Norsk Hestesenter på Starum i Innlandet fylke, men vi er godkjent i alle fylker i Norge.

Kontoret gir informasjon til skoler, fylker og hestenæringen om kontorets virksomhet, og holder oversikt over videregående skoler som har hestefagtilbud.

Støtter forslaget om å opprette landslinje for Islandshest:

Opplæringskontoret ser en klar verdi av å ha et mer tilrettelagt utdanningsløp for elever som ønsker å ha Islandshesten som næring. Det finnes i dag mange registrerte lærlingebedrifter rundt om i Norge som driver spesielt med Islandshest og som ønsker lærlinger med kompetanse på Islandshesten.

Vg2 heste- og dyrefag har fagfelt som strekker seg veldig bredt. Det kan være utfordrende å gi elevene nok opplæring i fagfeltet de ønsker, for å finne mestring og motivasjon til å utforske næringslivet og mulighetene innenfor entreprenørskap. Behovet kan sammenlignes med at travsporten har egen travskole og hovslagere har fått eget utdanningsløp. Norsk Hestesenter på Starum har også utdanning innen sprang og dressur.

Gjermundnes videregående skole har en tradisjon for mye kompetanse rundt seg på Islandshest og de har både egne og nærliggende fasiliteter til at det vil være et naturlig sted å starte opp et slikt tilbud.

Opplæringskontoret for heste- og hovslagerfaget støtter forslaget og bekrefter behovet for å opprette en Landslinje for Islandshest

Med vennlig hilsen

Atle J. Owren

Daglig leder Opplæringskontoret for Heste- og Hovslagerfaget.

Starumumsvegen 64, 2850 Lena Org nr: 981112970

Tlf. 61165532, mob. 91169061, e-mail: ao@hestefag.no, www: hestefag.no



**OPPLÆRINGSKONTORET FOR
HESTE- OG HOVSLAGERFAGET**

Støtteerklæring

Landslinje Islandshest ved Gjermundnes vidaregåande skule

Vi ønskjer med dette å uttrykkje vår støtte til opprettinga av ei landslinje med profil islandshest ved Gjermundnes vidaregåande skule.

Gjermundnes vgs har gode fasilitetar for hestehald, inkludert stall og ridehall. Skulen har fagpersonar med kompetanse innan hestefag og islandshest, og lang erfaring med å tilby praktisk og teoretisk opplæring innan hestefaget. Ei landslinje vil bidra til å styrkje rekrutteringa til hestefaget, styrke og vidareutvikle islandshestmiljøet, og i tillegg gi ungdom eit tilbod om ei unik utdanning.

I Vestnes kommune finst det ein lang tradisjon og sterk kultur for islandshest. Det lokale islandshestmiljøet inkluderer både entusiastar, oppdrettarar og næringsaktørar som har bygd opp kompetanse og engasjement over fleire tiår. Innanfor desse rammene har det utvikla seg eit solid samarbeid mellom skulen og fleire lokale næringsaktørar. Ei landslinje vil styrkje samarbeidet innad i islandshestmiljøet nasjonalt, og på den måten fremje opplæringa sitt mål om å førebu den enkelte på eit framtidig yrkesliv innan hest.

Namn: Bjørn Kjersem
Organisasjon / Verksemd: Stall Kjersem
Stad: Gjermundnes v.g.s.
Dato: 8/10-2025

Bjørn Kjersem

Støtteerklæring

Landslinje Islandshest ved Gjermundnes vidaregåande skule

Vi ønskjer med dette å uttrykkje vår støtte til opprettinga av ei landslinje med profil islandshest ved Gjermundnes vidaregåande skule.

Gjermundnes vgs har gode fasilitetar for hestehald, inkludert stall og ridehall. Skulen har fagpersonar med kompetanse innan hestefag og islandshest, og lang erfaring med å tilby praktisk og teoretisk opplæring innan hestefaget. Ei landslinje vil bidra til å styrkje rekrutteringa til hestefaget, styrke og vidareutvikle islandshestmiljøet, og i tillegg gi ungdom eit tilbod om ei unik utdanning.

I Vestnes kommune finst det ein lang tradisjon og sterk kultur for islandshest. Det lokale islandshestmiljøet inkluderer både entusiastar, oppdrettarar og næringsaktørar som har bygd opp kompetanse og engasjement over fleire tiår. Innanfor desse rammene har det utvikla seg eit solid samarbeid mellom skulen og fleire lokale næringsaktørar. Ei landslinje vil styrkje samarbeidet innad i islandshestmiljøet nasjonalt, og på den måten fremje opplæringa sitt mål om å førebu den enkelte på eit framtidig yrkesliv innan hest.

Namn: *Stian Pedersen*

Organisasjon / Verksemd:

Stian Pedersen / StallSP

Stad: *Gjermundnes*

Dato: *08.10.2025*

Stian Pedersen

Støtteerklæring

Landslinje Islandshest ved Gjermundnes vidaregåande skule

Vi ønskjer med dette å uttrykkje vår støtte til opprettinga av ei landslinje med profil islandshest ved Gjermundnes vidaregåande skule.

Gjermundnes vgs har gode fasilitetar for hestehald, inkludert stall og ridehall. Skulen har fagpersonar med kompetanse innan hestefag og islandshest, og lang erfaring med å tilby praktisk og teoretisk opplæring innan hestefaget. Ei landslinje vil bidra til å styrkje rekrutteringa til hestefaget, styrke og vidareutvikle islandshestmiljøet, og i tillegg gi ungdom eit tilbod om ei unik utdanning.

I Vestnes kommune finst det ein lang tradisjon og sterk kultur for islandshest. Det lokale islandshestmiljøet inkluderer både entusiastar, oppdrettarar og næringsaktørar som har bygd opp kompetanse og engasjement over fleire tiår. Innanfor desse rammene har det utvikla seg eit solid samarbeid mellom skulen og fleire lokale næringsaktørar. Ei landslinje vil styrkje samarbeidet innad i islandshestmiljøet nasjonalt, og på den måten fremje opplæringa sitt mål om å førebu den enkelte på eit framtidig yrkesliv innan hest.

Namn: ANNE STINE HJERKIND

Organisasjon / Verksemd: HJERKINN BELLSTUE & FJELLRIDNING

Stad: HJERKINN 7/10-25

Dato:



Støtteerklæring

Landslinje Islandshest ved Gjermundnes vidaregåande skule

Vi ønskjer med dette å uttrykkje vår støtte til opprettinga av ei landslinje med profil islandshest ved Gjermundnes vidaregåande skule.

Gjermundnes vgs har gode fasilitetar for hestehald, inkludert stall og ridehall. Skulen har fagpersonar med kompetanse innan hestefag og islandshest, og lang erfaring med å tilby praktisk og teoretisk opplæring innan hestefaget. Ei landslinje vil bidra til å styrkje rekrutteringa til hestefaget, styrke og vidareutvikle islandshestmiljøet, og i tillegg gi ungdom eit tilbod om ei unik utdanning.

I Vestnes kommune finst det ein lang tradisjon og sterk kultur for islandshest. Det lokale islandshestmiljøet inkluderer både entusiastar, oppdrettarar og næringsaktørar som har bygd opp kompetanse og engasjement over fleire tiår. Innanfor desse rammene har det utvikla seg eit solid samarbeid mellom skulen og fleire lokale næringsaktørar. Ei landslinje vil styrkje samarbeidet innad i islandshestmiljøet nasjonalt, og på den måten fremje opplæringa sitt mål om å førebu den enkelte på eit framtidig yrkesliv innan hest.

Namn: ANNE MARGRETHE A. SÆTERHAUG
Organisasjon / Verksemd: KVISTLI ISLANDSHESTER
Stad: 7/10-25 DAUHOLEN
Dato:

Anne HA, Sæterhaug

Støtteerklæring

Landslinje Islandshest ved Gjermundnes vidaregåande skule

Vi ønskjer med dette å uttrykke vår støtte til opprettinga av ei landslinje med profil islandshest ved Gjermundnes vidaregåande skule.

Gjermundnes vgs har gode fasilitetar for hestehald, inkludert stall og ridehall. Skulen har fagpersonar med kompetanse innan hestefag og islandshest, og lang erfaring med å tilby praktisk og teoretisk opplæring innan hestefaget. Ei landslinje vil bidra til å styrkje rekrutteringa til hestefaget, styrke og vidareutvikle islandshestmiljøet, og i tillegg gi ungdom eit tilbod om ei unik utdanning.

I Vestnes kommune finst det ein lang tradisjon og sterk kultur for islandshest. Det lokale islandshestmiljøet inkluderer både entusiastar, oppdrettarar og næringsaktørar som har bygd opp kompetanse og engasjement over fleire tiår. Innanfor desse rammene har det utvikla seg eit solid samarbeid mellom skulen og fleire lokale næringsaktørar. Ei landslinje vil styrkje samarbeidet innad i islandshestmiljøet nasjonalt, og på den måten fremje opplæringa sitt mål om å førebu den enkelte på eit framtidig yrkesliv innan hest.

Namn:

STall Østedal
v/Bjørna Østedal

Organisasjon / Verksemd:

Stad:

Trasfjord

Dato:

8/10 2025

Bjørna Østedal

Støtteerklæring

Landslinje Islandshest ved Gjermundnes vidaregåande skule

Vi ønskjer med dette å uttrykkje vår støtte til opprettinga av ei landslinje med profil islandshest ved Gjermundnes vidaregåande skule.

Gjermundnes vgs har gode fasilitetar for hestehald, inkludert stall og ridehall. Skulen har fagpersonar med kompetanse innan hestefag og islandshest, og lang erfaring med å tilby praktisk og teoretisk opplæring innan hestefaget. Ei landslinje vil bidra til å styrkje rekrutteringa til hestefaget, styrke og vidareutvikle islandshestmiljøet, og i tillegg gi ungdom eit tilbod om ei unik utdanning.

I Vestnes kommune finst det ein lang tradisjon og sterk kultur for islandshest. Det lokale islandshestmiljøet inkluderer både entusiastar, oppdrettarar og næringsaktørar som har bygd opp kompetanse og engasjement over fleire tiår. Innanfor desse rammene har det utvikla seg eit solid samarbeid mellom skulen og fleire lokale næringsaktørar. Ei landslinje vil styrkje samarbeidet innad i islandshestmiljøet nasjonalt, og på den måten fremje opplæringa sitt mål om å førebu den enkelte på eit framtidig yrkesliv innan hest.

Namn: *Sissel K Ellingsæter*

Organisasjon / Verksemd: *Stall Ellingsæter*

Stad: *Tomrefjord*

Dato: *8.10.25*

Støtteerklæring

Landslinje Islandshest ved Gjermundnes vidaregåande skule

ønskjer med dette å uttrykkje vår støtte til opprettinga av ei landslinje med profil andshest ved Gjermundnes vidaregåande skule.

ermundnes vgs har gode fasilitetar for hestehald, inkludert stall og ridehall. Skulen har personar med kompetanse innan hestefag og islandshest, og lang erfaring med å tilby praktisk og teoretisk opplæring innan hestefaget. Ei landslinje vil bidra til å styrkje krutteringa til hestefaget, styrke og vidareutvikle islandshestmiljøet, og i tillegg gi gdom eit tilbod om ei unik utdanning.

estnes kommune finst det ein lang tradisjon og sterk kultur for islandshest. Det lokale andshestmiljøet inkluderer både entusiastar, oppdrettarar og næringsaktørar som har god opp kompetanse og engasjement over fleire tiår. Innanfor desse rammene har det vika seg eit solid samarbeid mellom skulen og fleire lokale næringsaktørar. Ei landslinje styrkje samarbeidet innad i islandshestmiljøet nasjonalt, og på den måten fremje plæringa sitt mål om å førebu den enkelte på eit framtidig yrkesliv innan hest.

mn: *Linn Ward Stødan*
ganisasjon / Verksemd: *Stødd Stødan 98470659*
ad: *Tingvoll*
to: *9/10-25*